

Lien i Saksumsdal (gnr. 100)

Lien: Namn som tydeleg fortel at garden er rydda i skog. I bygdemålet har garden og vore kalla Øgarden, Øydegarden. Dette namnet kan elles frå først av vore brukt berre om ein del av garden.

I skrivne kjelder finn vi garden først omhandla i 1610. Brukaren der svara da den ekstraskatten som vart kalla Landsskatten 1610. "Amon Lien" vart namnet hans skrive, og Amon vart ført i gruppa for "Ødegaardsmend" ved sida av "Iffuer Hoffland".

Same Amund Lien var elles brukar av garden i lengre tid. Vi finn han såleis atter ført blant "Ødegaardsmend" i 1614. Men ti år seinare er Amund Lien og ført blant "Leiglendingebønder". Ved innbetalinga av ekstraskatten Kopskatten 1645 var det derimot ein ny husbond, "Niels Lien", som ordna med innbetalinga. Han betalde da den utlikna skatten for kona si og seg sjølv med ½ mark i pengar. Dette var i dei langvarige krigane på 1600-talet, og i 1657 kom det atter ein ekstraskatt: Kvegskatten 1657, så kalla fordi det da var krøtertalet på gardom som vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. Her er så namnet på brukaren skrive "Niels Lin", og husdyrtalet var slett ikkje lite. Det var: 1 hest, 2 hoppar, 13 naut, 9 geiter og 13 sauer. Av Odelsjordboka frå same året går det elles fram at Niels Lien og var jordeigande bonde i Michelsrud i Gausdal.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om garden Lien vidare fortalt at landskylda av garden var ½ hud eller 6 skinn, men at den og kunne krevjast inn med 1 bismerpund 8 merker smør. Eigar av garden var framleis "Kongen alene", og bygsjar og brukar der var framleis Niels. Elles er det om garden og gardsbruket såleis fortalt at "Engen er Ringe, liger til Fieldtz och Er frøslendt, Wedtslesetter til Sommerbed". Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 8 naut, og korntienda vart utreidd med 1¾ tønne, som altså svara til ei kornavling på 17-18 tønner. Det er elles oppgitt at det i Lien var kvern som det vart svara 8 skl. i kverntoll av, og sikkert var ho i Rinna elv nedenunder garden.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det såleis om brukaren vidare oppgitt at med farsnamn heitte han egentlig Niels Amundsen, og i mellomtida var det ordna slik at han nå hadde fått skjøte på garden og var både eigar og brukar av Lien i Saksumdalen. Husdyrtalet hadde da auka att og utgjorde: 2 hestar, 1 føl, 15 naut og 16 sauer, og den årlege utsæd av korn var kring 3½ tønne. Om garden er det dessutan oppgitt at Lien ligg i sollia, og at jordarten der er god, men garden var da tungbrukt. Det var skog på garden til brenneved og gjerdefang, samt til hustømmer, og Veslesetra hadde god hamn. Kverna i Rinna var og i bruk, men berre slik at dei mol der "ichun til husnøtte". Endeleg er det og oppgitt at det da var 1 husmannsplass med brukande jord til garden. Ein merke seg og at landskylda framleis var 6 skinn, men at matrikkelkommisjonen gjorde framlegg om at landskylda burde høgdist.

Ni år seinare var Niels Amundsen framleis eigar og brukar av Lien, og det var da skyldsetningsforretning der. Denne saka er elles etter utskrift av Fåberg tingbok referert slik:

"Lien i Faaberg. 8. okt. 1732.
Besiktigelse.

Grd. Lien eies og beboes av Niels Amundsen og skylder 6 skind. Besidderen oppgav at han kan så 4 tønner bygg og holder 3 hester, 16 nôt og 20 sauer, men ingen gjeter. Han har en husmann under gården og seterbol i almindingen, samt skog til husnytte. Akerjorden befandtes våtlendt og til høiden beliggende.

Retten fandt at skylden burde forhøies med 7 skind. Gården bør således herefter skatte og skyldte for 1 hud 1 skind og svare ødegårds rettighet.”

Men året etter gav i 1733 husbonden Niels Amundsen skjôte til Ole Olsen Tråset og arvingar på grd. Lien av skyld 1 hud 1 skinn for kjøpesum 350 rd. Her er elles å legge til at året etter, altså 1734, skjøta Ole Olsen garden Lien tilbake til enka Marit Amundsdr. og arvingane for kjøpesum også 350 rd.

I denne tid er det elles fortalt at Niels Lien og dreiv bjørnejakt med utbytte. I 1737 er det såleis vitna at Niels Lien og Peder Knippen hadde skote ein vaksen bjørn som dei hadde selt huden av på ”Siste Chr.a Marked”. To år seinare ”foreviste atter Nils Lien fra Saksumdalen huden av en voksen bjørn, som han hadde skutt denne sommer”.

År 1747 var det Peder Thomessen som var eigar og brukar av Lien. Han hadde da lånt 300 rd. av Christopher Amundsen Øre mot ”årlig rente 5% og 1. pr. pant i sin eiende gård Lien”. Frå fem år seinare er det elles fleire tinglyste saker om grd. Lien i Saxumdalen, og dess sakene som alle har sitt å fortelja, har i utskrifter av panteprotokollen denne ordlyden:

”Lien.

Odelsskjøte dat. 14. septbr. 1752 tgl. 4. okt. s.å.

Amund Bentsen Ulsrud av Uggedalen til Gausdal vitterliggjør, at da hans mor Aase Amundsdr. er eldste søster til Niels Amundsen Lien, som er uten livsarving og for nogen år siden har solgt sin odelsgård Lien, så har han (A. B.) som nest eldste søn av sin mor holdt seg nærmest odelsberettiget til gården Lien, da hans eldste bror Ole Bentsen har tatt gården Ulsrud til sitt åsede, og han har tenkt i dette år å anlegge odelsprosess mot oppsidderen Peder Thomessen til denne gårds innløsning. Men da han har befundet at denne gård Lien i Saxumsdalen i Fåberg beliggende av skyld 1 hud 1 skind i de siste år er blitt forbedret på jord og huse, serlig ved husenes flytning til en bedre toft vil falde ham kostbart å erstatte, og da oppsidderen hans søskendebarn er villig til å avkjøpe ham hans odels- og innløsningsrett, så selger han nu denne til ham for 121 rd. 60 s.

”Lien.

Odelsoverdragelse dat. 15. sept. 1752 tgl. 2. oktbr. s.å.

Hvorved de odelsberettigede til gården Lien i Saxumsdalen i Fåberg nemlig Bent Bentsen, Ole Bentsen Ulsrud og Rasmus Bentsen overdrar all deres odel til gården Lien til den nest dem odelsbårne Amund Bentsen Øfstedahl.”

”Lien.

Føderådskontrakt dat. 14. septbr. 1752 tgl. 4. oktbr. s.å.

Da Amund Bentsen Ulsrud av Uggedalen til Gausdal ved skjôte av dags dato har solgt sin odelsret til garden Lien til Peder Thomessen Lien av Saxumsdalen så svarer denne ham og hans hustru føderåd således: Han overlates til beboelse gårdens husmannsplads Svendstuen med påstående huse og tilhørende slotter, mot å svare til brukeren og etterkommende på gården: I penge 1 rd. årlig. En dags gjeting ukentlig høst og vaar før og efter setertiden når havnes utengjerdnes. Forskaffer han en karl årlig til hage-haffeldens reparasjon enten det utfordres 1 eller flere dage.

De kan bruke pladsen så lenge de lever, og når de dør skal deres barn være nærmest berettiget til husværets besiddelse, dog for skjellig husleie som en anden husmann, hvilken husleie skal fastsettes av uvillige menn.”

Etter dette var det altså Peder Thommesen Lien som framleis kunne halde fram som eigar og brukar av Lien i Saksumdalen. Men alt året etter selde så Peder Thommessen garden Lien att til Amund Bentsen i samsvar med dette skjøtet:

”Lien.

Skjøte dat. april 1753 tgl. 5. oktober s.å.

Hvorved Peder Thommessen Lien av Saxumzdalen til Fåberg prestegjeld selger sin gård Lien av årlig skyldende 1 hud 1 skind til odelspretendenten Amund Bentsen Øfstedahl og arvinger, hvorfor han har betalt ham 350 rd. som Peder Thommessen har innkjøpt gården for, og erstattet ham 202 rd. for de bekostninger og forbedringer han har gjort på gården, og dessuten vedtatt å svare det føderåd som hefter til Niels Amundsen.”

Amund Bentsen, som da tok over som eigar og brukar av Lien, var gift med Beret Christophersdtr. frå øvre Dahl, og dei var først brukarfolk i Øfstedal, så i Lien i Saksumdalen og så i Døsen. Dei hadde i alt 9 born og av desse kom to til verda på Øfstedal, fire i Lien og dei tre yngste i Døsen.

Dei nye husbondsfolka, Amund og Beret, som i 1753 tok over som brukarfolk i Lien, var baa særs driftuge og dugande menneske, og garden hadde under dei ei rik framgangstid.

Men år 1757 selde så Amund Bentsen grd. Lien og gav skjøte til bror sin Ole Bentsen Ulsrud, Gausdal, for kjøpesum 664 rd. Med i handelen var elles at broren Amund Bentsen med familie inntil vidare skulle ha rett til å bu på og bruke plassen Svendsstuen.

Samtidig med denne handelen med Lien lånte så kjøparen Ole Bentsen 800 rd. av sorenskrivar Jens Ziegler mot ”å svare årleg lovleg rente 5% og 1. pr. pant både i Lien av skyld 1 hud 1 skinn og i Ulsrud av skyld 6 skinn. Dette var vistnok elles i den tid sorenskrivar Ziegler budde på Lysgård.

Ole Bentsen, som og budde i Lien, brukte garden til i 1769, da han selde og skjøta garden over til svigersonen Simen Jensen for kjøpesum 700 rd. + 120 rd. til eldste son av seljaren for ”hans avståelse av gården”. Svingersonen Simen Jensen brukte elles ikkje grd. Lien samla meir enn i tre år til i 1772, da han selde halvdelen av garden, Lien av skyld 6½ skinn til Lars Olsen for sum 436 rd. Denne parten av garden, som var den søre delen, vart så snart kalla Lien søre eller Søndre Lien. Året etter, altså i 1773, selde så Simen Jensen vidare den nordre halve delen av garden Lien nordre også av skyld 6½ hud til Christen Pedersen, og kjøpesummen var for denne parten 415 rd. Det skulle vise sig seinare at den delinga av garden det her gjeld, skulle bli ei varig ordning.

Lars Olsen brukte sin del av Lien, Søndre Lien av skyld 6½ skinn, til i 1781, da han selde garden til Amund Johansen Traaset, som i 1786 selde halvdelen av kverna og sagbruket som hørde garden til for 22 rd. til Peder Dalby og Halvor Qval.

Av 1783 er eit tingsvitnemål som fortel om ei stor ulykke hos Christen Pedersen på nordre Lien. Saka er elles etter utskrift av tingboka bokført slik:

”Lien i Fåberg.

Christen Pedersen Lien av Saksumsdalen her i sognet fremstillet to vidner til et tingsvidnes erhvervelse ang. den skade han denne sommer har lidt ved lynedslag og ildebrand på hans odelseiende gård Lien.

Vidnerne Johannes Hovland og Halvor Qval forklarte at den 18. juli sidstl. slog lynet ned på Christen Pedersens gård Lien og 5 av gårdens bygninger brendte opp med innhold av årets høiavling, tilligemed en del sagbord, bark, lin, hamp og gårdsredskap m.v. Vidnerne opplyste dessuten at Christen Lien i nogen år har været uheldig med sine kreaturer idet han har mistet både hester og fækreaturer ved sygdom.”

Tolv år seinare gav i 1796 Amund Johannesen Traaset skjøte til Ole Christensen på grd. Lien søre av skyld 6½ skinn for kjøpesum 999 rd.

År 1801 kom påbødet om folketelling, og det budde da 3 familiar i og/eller ved nordre Lien i Saksumdalen. Dei 3 familieane var.

- 1. familie:
 - 1. Christen Pedersen, husbonden, 61 år
 - 2. Mari Svendsdr., kona hans, 60 år
 - 3. Amund Bentsen, tenestkar, 21 år
 - 4. Peder Svendsen, tenestkar, 16 år
 - 5. Marit Thomasdr., tenestkvinne, 35 år
 - 6. Martha Hansdr., tenestkvinne, 21 år
- 2. familie:
 - 1. Engebret Rasmusen, husman utan jord, 54 år
 - 2. Helga Olsdr., kona hans, 60 år
- 3. familie:
 - 1. Ole Engebretsen, ”Inderste og Gaaer i Dagleie”, 24 år
 - 2. Anne Johannesdr., kona hans, 28 år
 - 3. Engebret Olsen, son deres, 2 år

Og dette var altså i nordre Lien. I søre Lien budde det samtidig 2 familiar, og dei var:

- 1. familie:
 - 1. Ole Christensen, husbonden, 37 år
 - 2. Kjersti Olsdr., kona hans, 30 år
 - 3. Marit Johannesdr., tenestkvinne, 40 år
 - 4. Guri Larsdr., ”Nyder Føderåd”, 90 år
- 2. familie:
 - 1. Bendt Amundssen, husmann med jord, 48 år
 - 2. Sidsill Olsdr., kona hans, 36 år
 - 3. Ole Bentsen, son deres, 7 år
 - 4. Nils, son deres, 3 år
 - 5. Lars, son deres, 1 år
 - 6. Berit, dotter deres, 9 år

Av år 1797 er to kommissjonsforlik, som først var tinglese i 1806. Men dei har både mangt og mye å fortelja, og vi tek dei med her:

”Lien i Saksumsdalen.

Et Commissions Forlig. Tgl. 1806, mars 29.

Aar 1797 den 1.ste September.

Christen Pedersen Lien og Ole Christensen Lien af Saxumdahlen indvarslet Bent Hovland fordi han har hugget saugtømmer i deres Ejendoms Skov med v. Bent Hovland mødte

tilligemed Citanterne hvilke sidste forlangte Commissionen paa Aastedet, som blev innvilget og berammet den 11. september næstkommende.

Aar 1797 den 11. september.

Christen Pedersen og Ole Christensen Ødegaarden i Saxumsdahlen indvarslet Bent Hovland fordi han hadde hugget dem til Fornærmelse og gaet endog over Dahlbyes Eiendele, som ligger imellom Hovland og Ødegaarden med videre. Herunder blev meglet følgende Forlig: Ole Saxum legger tilbake 200 skridt fra den Grahn hvorpaa merket blev sadt ved Commissionens Opgang, og Saxum legger sin haffelde lige op til Lien. Han beholdet sit Raak og Havn nede ved Elven. Raaket gaaer som før lige fra Elven op til Højden. Forresten deeles Marken og Skoven Søer efter fra den Haffelde Saxum paalegger, saaledes at Myhren faaer for 2 skind sin Andeel nærmest Saxum i liige Linie opefter og til Samejen møder ovenfor; dernest Nyegaard for 1 hud sin Andel i Breeden liigeledes i liige Linie opefter til Samejen dernest Hovland for sin skyld 1½ Hud søndenfor Nyegaards, liigeledes i liige Linie og opefter til Samejen og gaar ej længere Søer end til den Haffelde og Blækning som i forrige Tider opsadt imellom Dahlbye og Hovlands Skov. Skiellemerkerne mellom disse Skovstrækninger settes ved sikre Mærkesteene og Opblækning saaledes at hver efter sin andeel nyder liige Bredde oven, ligesaavel som neden. Denne Deeling skal holdes paa alle siider ubrødelig og skal skee af samtlige ovenmeldte Skaugsejere den 25. September næstkommende under 10 rd. Mulct for den som uden lovlig Forfald udebliver.

Christen Pedersen Ødegaarden, Ole Christensen Ødegaarden, Bent Hovland, Ole Iversen Dahlbye, Erich Pedersen Dahlbye, Lars Hansen Nyegaard, Ole Christensen Saxum, Arne Iversen Myhre, Lars Hansen Nyegaard, Lars christensen Myhre.
Som Beneficiarius for Hovland. A. Broch. (Sokneprest).”

Eit anna kommisjonsforlik som vart tinglese samtidig, har denne ordlyden:

”Ødegaarden i Saksumsdalen.

Et Commisions Forlig. Tgl. 1806, mars 29.

Aar 1797 den 11. September oprettet Deelee skifte imellem Dahlbye, Ødegaarden, Kindlien og Qvahl, ved Forligelses Commissions Mægling. Efter Forlangende af Christen Pedersen Ødegaarden i Saxumsdahlen, Erich og Ole Dahlbye, Ole Christensen Ødegaarden og Peder Kindlien blev Skillerums Mærkerne imellem Deres Ejendomme paa Væstre Siide af Riinen Elv bestemte paa følgende Maade: Grendserne imellem Dahlbye og Ødegaarden gaaer fra Slætten efter Bækken opefter til Thomessvebakken og derfra efter V(e)igen til Bratbakken til Mærkestenene, derfra opover et høit Bjerg, og derfra i lige Linie til en stor Steenrøs i Brubakken. Imellem Qvahl og Ødegaarden gaaer Linien fra Merkestenen paa Bratbakken til Giedrygs-Bierget. Mærkesteenene og Opblækningen skal for Eftertiden, saanøye paasees at ingen Dispute om Strækningen skulle nogensinde opkomme. Dette som alltid har været Dere Hiemraaster skal og fremdeles saaledes forblive op til Brubakken.

Christen Pedersen Ødegaarden, Ole Christensen Ødegaarden, Peder Olsen Kindlien, Erich Dahlbye, Ole Dahlbye, Amund Traaseth.

At ovenstaaende er Ordlydende med Protocollen p. 33-34 bekræftes. A. Broch.

Som ein ser var det brukarane i Lien (Ødegaardane) som i baa tilfelle har skrive under skiftet først, og dei to, far og son, var sikkert blant dei som hadde fått desse ordna skifta i stand.

Året etter gav i 1807 Ole Christensen skjøte til Svend Olsen på Nordre Lien framleis av skyld 6½ skinn for kjøpesum 2000 rd. Unntatt ved salet var dessutan halvparten av plassen Svendstugua og halvparten av Bentrydningen og ei ny sæterlykkje som framleis Ole

Christensen skulle vera eigar av. Det same galdt og for det halve av dei to innhegningane som var innlagt av Haugen. Derimot skulle Svend Olsen få til odel og eige eit engeland kalla Ødegaardsslåtten, som før hadde tilhørt søre Lien.

Midtvinters 1807-08 var det elles atter varme laus i Nordre Lien, og eigaren Svend Olsen Lien fekk tingsvitnemål for at "Stuebygningen på hans gård Lien for ca. 1 måned siden brente ned ved vådeild tilligemed det meste av bohavet og ca. 2½ td. korn."

Vitne ved saka var Ole Christensen Saksum og Amund Amundsen Hovland.

Fire år seinare gav i 1812 Svend Olsen skjøte til Christen Halvorsen på grn. Nordre Lien for 2600 rd. Men dette var altså i ei tid med sviktande pengeverdi.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om dei to gardane "Ødegaarden" fortalt at oppsittaren på den eine framleis heitte Ole og på den andre Christen. Vidare er det oppgitt at hos Ole var buskapen av store husdyr da: 2 hestar og 12 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 36 tønner. På Ødegaarden hos Christen var dei tilsvarande tal: 2 hestar, 10 naut og 30 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Der er det så vidare om løpenr. 21 "Lien (Ødegaarden)" fortalt at denne garden vart da skyldsett til: 4 skylddalar 2 ort 19 skilling, og der var det da to oppsittarar, nemleg Ole Arnesen og Halvor Pedersen. Løpenr. 22 Lien (Ødegaarden) nordre vart derimot i den nye matrikkelskylda sett til 3 skylddalar 4 ort 22 skilling, og der var det i den tid Jacob Olsen som var oppsittar. Ein merker seg elles at det da på søre Lien var to oppsittarar, og at garden alt da truleg var utbygd til og truleg delt i eitt Lien søre øvre og eit Lien søre nedre, som det framleis er.

Ole Arnesen var framleis brukar av sin gard også i 1842. Han gav da skjøte til Christian Amundsen Bolleng på "Sæterløkken Nyløkken, et skogstykke og Havnegange paa Lillesæteren".

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det under Lien søndre oppgitt at det da var unnaselt så det i alt var 6 løpenr. under garden, men av desse var det framleis to hovudbruk.

Dei var: a. løpenr. 21 ac, der Andreas Olsen Lien da var oppsittar. Vidare er det og opplyst at på denne garden var da jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkjer tilsm. 204 mål, og av dette var 33 mål jord av 1. klasse. Tilsvarande var på b. løpenr. 21 e Lien søre i den tid Ole Olsen brukar av garden, og dei tilsvarande jordbruksaeal var der: 231 mål og 45 mål.

Samtidig er det vidare opplyst at på løpenr. 22 a Lien nordre hadde da Hans A. Lien tatt over som brukar, og der var dei tilsvarande jordbruksareal: 386 mål og 57 mål.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld uttrykt i skyldmark- og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Her hadde så Lien i Saksumdalen som sitt nye gardsnummer fått gnr. 100 av samla skyld 19,12 mark, og det var blitt 10 bruksnr. under gardsnr. 100 Lien.

Dei 10 bruksnr. var:

- a. Grn. 100 brn. 1 Ødegaarden søndre av skyld 6,75 mark, der Andreas Olsen framleis var eigar og brukar.
- b. Grn. 100 brn. 2 Flatengen av skyld 0,43, som da tilhørde Kristian Olsen Aspelien
- c. Grn. 100 brn. 3 Ødegaarden søndre, skyld 0,57 mark, som tilhørde Johannes Engebretsen Nordhaave.

- d. Grn. 100 brn. 4 Ødegaarden søndre , skyld 2,23 mark, der Johan Syversen da var oppsittar
- e. Grn. 100 brn. 5 Skog av skyld 0,13 mark, som Andreas Gilberg hadde tilhandla seg.
- f. Grn. 100 brn. 6 Ødegaarden nordre av skyld 5,73 mark, der Peder Nilsen Berg da var oppsittar
- g. Grn. 100 brn. 7 Skog med plass og slåtter av skyld 0,90 mark, som da Mathias Gustum hadde tilhandla seg
- h. Grn 100 brn. 8 Skog, skyld 0,33 mark, som tilhørde brukaren Andreas Olsen
- i. Grn 100 brn 9 Skogmark av skyld 1,95 mark, som Mathias Gustum og hadde tilhandla seg.
- j. Grn 100 brn 10 Svendstueløkke av skyld 0,10 mark, som Mikkel Nilsen Monsstuen var eigar ell. brukar av

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at grn. 100 brn.1 Ødegaarden søndre var overtatt at Ole A. Lien, og brn. 2 Flatengen var overtatt av Ole Kristiansen Aspaasen, dessutan hadde da J. Enger kjøpt brn. 5 og brn. 7 Skog, og brn. 9 skogmark var overtatt av Gustumskogenes Interessentskab, vidare var eit brn. 11 Monsstuen (Skog) selt til Maria A. Monsstuen, eit brn. 11 Kvals skog selt til Otto Olsen, hovudbruket brn. 13 Lien søndre av skyld 4,77 mark var da overtatt av Olaf Andreassen Lien, og brn. 14 Svendstuen var overtatt av Johs. Olsen Myhren.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 ti personar med røysterett i og/eller ved Lien-gardane. Dei 10 var:

1. gardbr. Peder M. Snaghol, Sveinstuen, 69 år
2. gardbr. Olaf Andreassen, Lien søndre, 37 år
3. husmor Berte A. Lien, kona hans, 37 år
4. føderådskone Matea Lien, f. Kindlien, 70 år
5. gardbr. Ole Andreassen Lien, 40 år
6. husmor Berte H. Lien, kona hans, 34 år
7. tenestkar Simen Hansen Dalby, 31 år
8. gardbr. Simen J. Myhren, Lien nordre, 38 år
9. føderådsmann Johannes O. Myhren, Lien nordre, 77 år

Olaf A. Lien og hustru Berte f. Skinnerlien hadde i sitt ekteskap 5 born. Dei var: a. Anna f. 1898, gift med Ole Rindal, Saksumdalen, b. Magna f. 1900, c. Alv f. 1901, gift med Marie Sveen, d. Norvald f. 1902, e. Olbjørn f. 1907. Av dei er Alv og fru Marie nå husbondsfolk i Lien søre, Olbjørn, som er gift med Martha Hammershaug er eigar og brukar av grn. 113 Hovland, og Norvald f. 1902 er gift med Ruth Sletten og bur på og bruker grn. 100 brn. 14 Sveinstua.

Ole A. Lien og hustru Berte f. Dalby hadde 3 born, nemleg a. Hallfred f. b. Aslaug f.
c. Solveig f.

Hallfred gifta seg i 1938 med Gudrun Hammershaug, og dei har i sitt ekteskap 3 born. Dei er: a. Anne Marie f. 1939, b. Ola Arne f. 1940, c. Bjørg f. 1947.

Av handlar i seinare tid med Lien-gardane eller parsellar av gardane tek vi her elles med at i 1920 kjøpte Aslaug og Solveig Lien eit bruksnr. 17 Liens skog av skyld 0,55 mark, Norvald Lien tilhandla seg i 1923 eit brn. 24 Smestuen av skyld 0,27 mark, Olaf Lien kjøpte same året

brn. 25 Sameien av skyld 0,40 mark, og Magna og Olbjørn Lien overtok samtidig brn. 28 Vestlien av skyld 0,71 mark. I 1926 var det 29 bruksnummer under grn. 100 Lien.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da blant dei mange bruksnr. under gardsnr. 100 Lien framleis 4 bruk med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng som gardsbruk. Dei 4 gardsbruk var:

- a. Grn. 100 brn. 1 Lien midtre med eit jordbruksareal på 80 mål (dekar) og med Hallfred Lien som eigar og brukar.
- b. Grn. 100, 114 brn. 6, 16 Lien nordre med eit jordbruksareal på ca. 100 dekar der John Engeland da var eigar og brukar.
- c. Grn. 100 brn. 13 Lien søndre med jordbruksareal ca. 75 dekar, der Alv Lien framleis var eigar og brukar.
- d. Grn. 100 brn. 14 Svendstuen med eit jordbruksareal på ca. 35 dekar, som Norvald Lien framleis var eigar og brukar av.

Hallfred Lien som nå i 1965 framleis er eigar og brukar av Lien midtre, har eit inngåande kjennskap til ættegarden Lien ell. "Øgarden", og vi let han til slutt her fortelja frå den munnlege tradisjonen om garden. Tala ved dei ymse avsnitt viser til tilsvarande spørsmål på dei utsendte spørjeskjema:

6. Inventar på garden:

Ei gamal stuguklokke med innskrifta Arne Ulland, Fåberg øverst på talskiva. Årstal er ikkje å finne, men kassa har vore måla opp att fleire gonger kanskje. Arne Ulland var født 1753, og denne klokka er truleg ei av de fyrste han laga. Ho har nemleg berre ein visar og er elles nokså enkel, men med pent rosemåla talskive.

Arne Ulland er min tippeoldefar, altså fars farfars far. Det er på garden to gamle papirer frå Arne Ullands tenesttid i det militære. Lystrykk frå originalane av de fylgjer vedlagt.

Vidare har kona Gudrun, født Hammershaug, hatt med seg til gards ei gamal rosemåla kiste frå 1706 og eit utskore pent skrin, truleg syskrin, med innskrifta P.S.D. 1789.

Vidare fins på garden ein del gamalt arvesølv.

7. Om lag 600 til 700 m søraust for garden har det vore to husmannsplassar, Rønningen og Stylshaugen. Hustuftene på båe desse stadene syner enno. I Stylshaugen, som var det synste av desse bruka, budde det folk til kring år 1900. Rønningen var fråflytt noko tidlegare. Stylshaugen har for lang tid sidan vore kalla Rugsvea.

På vestsida av Rinna, rett over for garden, ca 500 m opp fra elven, har det vore drive myrmalmbrenning i utlaupet av ei myr som heitte Bjønndalsmyra. Det har vore fortalt at derifrå tok Arne Olsen og Ole Arnesen malmen som dei laga klokkelodd av. Vidare er det merke etter kolbrenning (kolbotnar) på to stader i skogen, ein på solsia og ein på baksida av elva Rinna.

I ei såpass skogrik bygd som Saksumdalen var det nok trevirke å ta av, men det var ikkje mange måtar å få vendt virket i pengar på. Kanskje var kolbrenning einaste måten. Dei køyrde trekol med hestar frå Saksumdalen og til Espedalen der dei selde kola til Nikkelverket. Dette var ei veglengd på ca. 8 mil. Heimatt køyrde dei nikkelmalm. Denne malmen vart levert på Kopperberget på Lillehammer. Derifrå vart den sendt vidare med båtar utover Mjøsa. Far fortalde at hans bestefar, Ole Arnesen, skulde ha gjort 7 slike Espedalsreiser etter jul ein vinter. Det tok mest ei veke å gjera ein slik tur.

8. Far min, Ole Lien, tok fyrst over farsgarden søre Lien. Kjøpte så attåt nabogarden midtre Lien som låg inntil. Denne garden var noko mindre. Etter å ha brukt det heile ei tid, selde han halvparten av det heile til bror sin Olaf Lien slik at dei fekk like mykje kvar både av jord og skog. Olaf Lien tok da over det som var att av søre Lien, og far min, Ole Lien, fekk midtre Lien og so ein del av søre Lien. Seinare er ein voll ved Rinna, Vollsvea, grn. 101 brn. 14, lagt til garden. Dette er arv som mor mi har havt med seg til gards.

12. Fars F.F.F. Arne Ulland var klokkemakar, snekker og målar. Det er klokker etter han både i Fåberg, Ringsaker og Biri, og det fins klokker av desse som enno er i gang. Han laga klokker i fleire prislag. Dei finaste, som hadde datovisar, skulle vera kjende for sin fine klang i slagverket. Desse kosta 20 spesiedalar. Dei simplare var noko billigare. Mange klokker bytte dei bort i korn.

Arne Ullands son, Ole Arnesen, var også klokkemaker både saman med far sin, og etter han vart borte i 1825 dreiv Ole åleine. På klokkene desse karane laga, stod som regel ei av desse innskriftene på talskiva: Arne Olsen, Arne Olsen Ulland, Arne Ulland eller Ole Arnesen.

Arne Ulland var og flink rosemålar, og på dei klokkene som ikkje er bortskjemte, kan ein sjå det både på kasser og talskiver. Han var snikker og, og hans innreidingssnikring og listverk i gamle bygninger i Fåberg er karakteristisk, særleg der som himlingen i ymse ruter var felt inn millom bjelkelaget. Som eit synleg merke på hans duleik som snikkar, fylgjer vedlagt eit mesteskapsbrev som gjev han rett til å ha snikkerhandverk i Fåberg. Dette fekk han etter at han hadde vorte såra i krigen. Fripass for landvernstenesta fylgjer og.

18. Som så mange andre stader var gråbeinen nokso plagsom her i Liagardane i gamle dagar. Oldefar min, altso Ole Arnesen, skaut ein gong av seg eine handa da han ein morgon skulle skyta skræmeskot mot gråbeinen, som brukte å møte opp når dei skulle ha ut buskapen om morgonen. Ole Arnesen og grannen brukte å gå oppi skogkanten kvar sin morgon for å skyta og skræme burt udyra, og dei brukte same børsa, eit munnladningsgevær. Grannen hadde brukt børsa og skote morgonen før, og han hadde lagt inn att ny ladning. Dette visste ikkje oldefar om og hadde lagt inn ein ladning han og. Dette vart for mykje for børsa so ho eksploderte da oldefar skaut, og reiv av han eine handa. Dersom det fans doktor den tida, so var det sikkert langt og tungvint å koma dit. Men dei kjende godt Vis-Knut for han hadde vore i Lien fleire gonger og halde oppbyggingssmøte. Ein av naboane som heitte Jehans Monstuen vart sendt avstad og skuld hente Vis-Knut. Folk som var hos Vis-Knut då, skulda ha fortalt at Knut vart svært uroleg og skulde ha sagt at han måtte til Saksumdalen med ein gong, da han hadde ein god ven der som hadde skadd seg stygt. Dette skulde vera alt før Jehans Monstuen nådde fram. Ein gamal steingard, oppmura som ein running eller stump vinkel på villmarka, på ei høgd litt opp for garden skal vera ein skanse som dei lura seg opp til om morgonen når dei skaut etter gråbeinen. Etter denne ulukka brukte oldefar ein jernkrok som han knepte på eine handa so han kunde gjera ymse slags arbeid likevel, men klokkemakararbeidet vart det slutt med.

”Høyr fortalt:

Ein saksumdøl hadde pakka niste i læskreppa og var på tur til Vismundselva på tømmerfløyting. Før han drog, sa han til kjerringa: ”Blir det regnver og slat (slat av slatr, slud) so held vi på so lenge vi har mat. Blir det kaldt og skårå så kjem vi att i mårå”

Ein annan saksumdøl skulde gifte seg og var hos presten for å ta ut lysning. Da presten spurde mannen kva tid det skulde stå til, svara han: ”Det blir det småå for meg, for je lyt leie istan min likevel den dagen”. Karen arbeidde på ein gard.

Då Arne Ulland flytte frå Ulland til Lien, så var son hans, Ole Arnesen, 2 år gamal etter som far fortalde, altså skulde det vera i 1795. Han hadde bore gutongen og klokkemakerreiskapen med seg i ei lærskreppe. Det skuld vera heie fløtningen. Kona hans var da død, og han hadde vore gift i berre 4 år etter det som han sjølv har skrive på det militære fripasset som fylgjer”.